



Hjelmeland kommune

Finansdep.
Postboks 8008 dep
0030 OSLO

11 82-26

Dykkar ref..

Vår ref.
09/1407-11/11/9535

Arkivkode:
232

Dato:
20.06.2011

HJELMELAND KOMMUNE: UTTALE TIL MAKSIMUMS- OG MINIMUMSREGLANE VED UTREKNING AV EIGEDOMSSKATTEGRUNNLAGET FOR KRAFTVERK

Hjelmeland kommunestyre vedtok samrøystes i møte den 16.06.2011 følgjande uttale til Finansdepartementet si høyring om eigedomsskatt for kraftverk:

"På prinsipielt grunnlag bør reglane om maksimums- og minimumsprisar i eigedomsskattelova § 8 – 4. del fjernast. Samstundes bør diskonteringsrenta tilpassast marknaden for kraftsektoren. Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

1. Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har uheldige biverknader.
2. Eigedomsskattelova sine maksimums- og minimumsprisar skal ikkje nyttast som del av inntektsutjamninga mellom staten og kommunane.
3. Eigedomsskatteordninga skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
4. Diskonteringsrenta bør setjast i samsvar med eigedomsskattelova sitt takseringsprinsipp og tilpassast marknaden og den løpande risikovurdering for kraftsektoren og ikkje fastsetjast med utgangspunkt i behov for inntektsmessig omfordeling.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av diskonteringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei eigedomstaksering som samsvarar med intensjonen i eigedomsskattelova.

Er det behov for inntektsmessig omfordeling mellom stat, kommune og kommunane imellom, må denne skje innafor gjeldande inntektsoverføringssystem."

Vedlagt følgjer k.sak 42/11 m/protokoll.

Med helsing
Stab

Oddvar Skiftun
rådgjevar økonomi og budsjett

Kopi til:
Rogalandsbenken på
Stortinget

Postadr.: Vågen, 4130 Hjelmeland
Besøksadr

Sentralbord: 51 75 70 00
Direktenr. 40439016

Telefaks: 51 75 70 70
E-post:
postmottak@hjelmeland.kommune.no

Bankgiro: 3207.07.00750
Org.nr. 864979092